

# FITJAR KYRKJEBLAD

**Nr 5 - DESEMBER 2023**  
**ÅRGANG 46**



**DEN NORSKE KYRKJA  
FITJAR**

**Kyrkjekontoret:**

Postboks 10, 5418 Fitjar  
Telefon: 53 45 85 00  
[kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)  
<https://kyrkja.no/fitjar>

**Kontakt oss:**

**Kyrkjeverje**

Harald Rydland 913 47 802  
[hary@fitjar.kommune.no](mailto:hary@fitjar.kommune.no)

**Kantor:**

Jan Overweg 901 97 069  
[jaov@fitjar.kommune.no](mailto:jaov@fitjar.kommune.no)

**Sokneprest:**

Olav J. Oma 906 38 825  
[olaoma@fitjar.kommune.no](mailto:olaoma@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjelydspedagog:**

Randi Lønning Matre 951 38 562  
[rama@fitjar.kommune.no](mailto:rama@fitjar.kommune.no)

**Kontomedarbeidar**

Elisabeth S. Oma 452 74 335  
[eson@fitjar.kommune.no](mailto:eson@fitjar.kommune.no)

**Kyrkjegardsarbeidar/vaktmeister**

Kjetil Hagevik Ragde 482 48 488  
[kjetil@fitjarkyrkje.no](mailto:kjetil@fitjarkyrkje.no)

**Soknerådsleiar:**

Svein Lunde 971 59 009

**Nestleiar sokneråd:**

Anne Marie Røed 924 66 405

**Leiar diakoninemnd:**

Annbjörg Stjern Tvedt 470 18 264

**Bakken barnehage:**

Serina Sørffonn 902 27 978  
[bakken.barnehage@haugnett.no](mailto:bakken.barnehage@haugnett.no)

**Gåver:**

kontonr. 3546.29.05805  
VIPPS: #23412 - FITJAR SOKN

Framsidedfoto: Rolf-Atle Rolfsnes



# Ei stríme av von

**Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.**

**Biskop Ragnhild Jepsen**

Mange stader i verda møter ein denne jula med frávær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von.

Og likevel - framfor jula ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at jula blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kanskje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste jula lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane. Nei, det kan vel på ingen måte seiast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik: Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att.

Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med stjernetydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har von for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; i dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd, om det er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita stríme.



**Redaksjonelt**



Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljøs i det aller mørkaste.

Jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den fyrste jula fekk verda del i bodskapen som har kraft i seg til å setje fangar fri, løyse band og bringe menneske saman. Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sørge, å kjenne glede. Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram.

Det sårbare barnet i krubba synte seg sterkare enn all jordisk makt. Den fyrste jula var eit vendepunkt i menneskets historie. Jula er den meste løfterike av alle høgtider. Ljoset og vona er komne til verda.

Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.

## Fitjar Kyrkjeblad

Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad

### Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset - Postboks 10, 5418 Fitjar

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag. [Du kan nytta vedlagt giro.](#)

**Frist for innlevering til neste blad er 16. februar til [kyrkja@fitjar.kommune.no](mailto:kyrkja@fitjar.kommune.no)**

Neste blad kjem etter planen 28. februar. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

### Redaksjon:

- Olav J. Oma (red.)
- Roald Drønen
- Rolf-Atle Rolfsnes
- Torbjørn Hovland
- Herman Inge Aadland
- Karvel Strømme

### Trykk:

Kai Hansen Trykkeri  
Haugalandet

## Jul i kyrkja

Bli med til kyrkje, og få eit glimt av barnet, «Guds son vår sonar, som døden for evig batt».

**Julaftan**, 24. desember, er det gudstenester på FBB og Havnauset på føremiddagen, 11.00 og 11.30.

Denne dagen gler vi oss til igjen å høyra om Keisar Augustus, om manntal, om Betlehem, englesong og barnet sveipt og lagt i ei krybbe.

**14:30**, på den første gudstenesta deltek m.a. skulekorpset,

**16:00**, på den andre er Ingrid Overweg med på fløyte.

Sokneprest Olav J. Oma og kantor Jan Overweg deltek også på gudstenestene. Denne dagen kan me gje ei gåve til Kirkens Nødhjelp i kyrkja. Bruk gjerne Vipps 23412, Fitjar kyrkje.

### Juledag, 12:00

Merk at gudstenesta ikkje startar før kl.12:00.

Dette er ei høgtidsgudsteneste med masse song. Dagen er for mange den finaste i heile jula, då vi jublar den store gleda ut; at Gud blir ein av oss. Vi jublar saman med kyrkja over heile vår jord.

Både Osternes mannskor og Fitjar kyrkjekor deltek saman med sokneprest Olav J. Oma og kantor Jan Overweg. Gåva vår 1. juledag går til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt ved NMS i Mali. Bruk gjerne Vipps 23412, Fitjar kyrkje.

### 2. Juledag, 19:00

For 5. gang blir det arrangert ungdomsgudstenesta denne kvelden. Her er ungdommar med og spelar til songen, les tekstane, preiker og delar ut nattverd. Jakob Myhre preikar, Johannes Moldestad Oma og Lisa Vik har sagt ja til å spela, så er det spennande å sjå kven som elles blir med i tillegg til sokneprest Olav J. Oma.

### Nyttårsaftan, 23:00

Då er det midnattsgudsteneste som tek til 23:00. Her brukar ungdom frå bedehuset vera med. Gudstenesta tek slutt i god tid før rakettane skal skytast opp ved midnatt, Johannes Moldestad Oma spelar til gudstenesta og Olav J. Oma er prest.

### Nyttårsdag, 12:00

8. dag jul! Jesu namnedag, heiter dagen i kyrkjeåret. 1. januar. Vi syng «Navnet Jesus, blekner aldri», og kjenner at det er sant. Midt i alt som er, er han vårt håp, og med han og kvarandre får vi gå inn i eit nytt år. Her deltek kantor Jan Overweg saman med sokneprest Olav J. Oma.

Takkofferet denne dagen går til Sjømannskirken eller Norsk kyrkje i utlandet. Bruk gjerne Vipps 23412, Fitjar kyrkje.



## Leir på Solgry

Helga 27.-29. oktober arrangerte Fitjar Indremisjon og Fitjar kyrkje leir på Solgry. ...

**T: Olav J. Oma - F: Ole Sandvik og Rolf-Atle Rolfsnes**

Tema på leiren var omsorg.

Siste helga i oktober var vi 74 menneske på leir på Solgry. Her var born i alle aldrar, frå 0 til over 70 år. Godt fellesskap, kjekke leikar og leikeområde, møte og gudsteneste. God mat.

Uteområde og veret innbaud til leik og moro. Her kunne ein både spela fotball og padla i kano, køyra gokart og spela minigolf, skyta med luftgevær eller gå på tur. Det var god tid til å vera saman og bygga fellesskap.

Ein flott leirkomite gjorde sitt til at programmet vart godt gjennomført, og komiteen var glad for at deltakarane på leiren var så villige til å stilla opp.

Vi har bestilt Solgry same helga 2024, og håpar at mange vil vera med då òg.







# Julekos

på Fitjar bedehus

Fitjar indremisjon og Diakoninemnda  
i Fitjar ønskjer velkommen til Julekos i  
Fitjar bedehus tor. 28. des kl. 18.00.

Andakt: **Ingebrigt Sørfonn**  
Song: **Håkon C. Hartvedt**  
Opplesing: **Harald Johan Sandvik**  
Musikk: **Tor Håkon Aarbø**

Servering snittar og kringle.  
Kollekt.

**Alle frå heile bygda er velkomne!**

## JULEFEST

for små og store på  
Fitjar bedehus  
fredag 29. desember kl. 17.00



Tradisjonell  
søndagsskule-  
julefest  
med song,  
andakt  
v/Marianne  
H Aarbø,  
«kaffi-mat»,  
kahoot  
og juletrengong  
Kollekt

**ALLE er  
VELKOMNE !**

Arr.: Fitjar søndagsskule







Temakvelden 26. oktober:

## «Salmer til alle tider» m/koret Ichthus



### Torbjørn Hovland

Bak dette litt eksotiske namnet Ichthus finn me eit blandakor frå Stord med omlag 35 medlemmer.

Ordet har gresk opphav, det tyder både Kristus og fisk. Koret under leiing av dirigent Egil Petterteig vart starta i 2009 og syng for det meste salmar og gospel.

Temaet for konserten med Ichthus 26. oktober var «Salmar for livet» og baud på kjente og kjære evergreens frå salmeskatten, frå 1700-talet og fram til idag. Det heile vart lett og ledig bunde saman av Svein Bjarne Aase og Randi Lønning Matre, med informasjon og anekdotar om songane, forfattarar og komponistar. Eit par av dei kan gjerne nemnast:

Trygve Bjerkreim vakna ei natt i 1955 av ein tekst som kom til han, det var berre å få den ned papiret.

Og «Det er makt i de foldede hender» vart ein av dei mest folkekjære salmane, over ein 25-årsperiode den mest spelte songen i Ønskekonserten i radioen.

Den fargerike Aage Samuelsen var mykje sjuk som barn, lærte å gå først i seks-årsalderen, sleit med talefeil og hadde til tider eit alkoholproblem. Men «Broder Aage» var svært musikalsk og fekk både gull- og diamantplate. Og

ikkje minst gav han oss ein av dei flottaste melodiane i salmeboka; O Jesus, du som fyller alt i alle.

Til fleire av salmane inviterte koret til allsong, så også for siste salme. Finnest det ein betre måte å avslutta ein slik kveld på, enn med ein kraftfull og jublande «Deg være ære»?



Novemberkactus  
Foto: Anne Hardeland



Temakvelden 30. november:

## Spennande temakveld med Trygve Riiser Gundersen

Den siste temakvelden denne hausten fann stad torsdag 30. november. Denne kvelden fekk me vera med vinnaren av Brageprisen 2022, Trygve Riiser Gundersen, inn i forskingsverda hans. Det vart ei spennande og opplysende reise.

### Herman Inge Aadland

Kven skulle vel tru at ei mursteinstjukk bok om Haugianarane skulle vekka så stor begeistring i vår tid? Men det er altså tilfelle. Til og med Dagbladet gav terningkast 6 og rosa boka opp i skyene! Kvifor? Jo, fordi Gundersen med sitt nitide arbeid med dei historiske kjeldene får fram spenninga og stemninga i tida før og under Haugerørsla.

Det var nemleg eit stort og dristig opprør som fann stad siste del av 1700-talet og første halvdel av 1800-talet. Eineveldet stod sterkt i Norden. Statsmakta og kyrkja heldt kvarandre fast i handa, og dei styrte samfunnet med jarnhand. Det fanst lover og forordningar for alt. Spesielt var makta redd for revolusjonære tankar og idear. Folket måtte haldast i sjakk. Dette vart særleg aktuelt etter den franske revolusjonen. Slike idear måtte kvelast for ein kvar pris. Det var så alvorleg at staten til og med trua med dødsstraff. Ja, det fall eit par hovud.

Staten og kyrkja ville ha lydige borgarar. Det var grunnen til innføringa av konventikkelplakaten. Folkelege samlingar som ikkje var leia av det offentlege, var forbodne. I kyrkja var det prestane som skulle leia og forkynna. Folket skulle la seg opplysa og rettleia av presteskapet.

Det som skjedde ved Hans Nielsen Hauge og Haugianarane, var rett og slett framveksten av den første opprørsrørsla i Noreg. Det hadde vore tillaup til vekkingar tidleg på 1700-talet, blant anna ved Herrnhutarane, rørsla som vart grunnlagt av den tyske presten Zinzendorf. Det var også nokre andre av meir tvilsam karakter. Men Haugerørsla vart noko heilt anna og meir skilsetjande. Den kom til å vitalisera både åndslivet, kyrkjelivet og samfunnslivet i Noreg.

Gundersen tok oss med til Christianina og pinsehelga 1798. Dette var to år etter at Hauge hadde byrja si forkynnargjering. No var han i hovudstaden saman med sambygdingen Cristian Bersøe. I løpet av 3 dagar hadde dei møte i Vaterland, Bergfjerdingen og på Sagene. Og pinsedagen var dei på gudsteneste i Domkyrkja. Om kvelden, under eit møte dei



Foto: Torbjørn Hovland

heldt i Lakkegata, vart dei arresterte av fogden i Aker. Dei fekk inga forklaring. Men tredje dagen kom Stiftamtmanden (Noreg sin mektigaste mann) på vitjing. Han let dei unge predikantane forstå at dei var kriminelle. Men Hauge var så frimodig at han bad Stiftamtmanden lesa konventikkelplakaten høgt, slik at dei kunne sjå kva som var gale. Når alt kom til alt, var det ikkje innhaldet i forkynninga det var noko feil med. Dei forkynte mykje godt det same som prestane. Det som var feil, var at dei ikkje var prestar. Dei var lausgjengarar som braut Lausgjengarparagrafen. Det var mobiliteten som var problemet!

Det eg no har fortalt er berre ein liten smakebit av eit interessant og fengjande foredrag. Eg for min del gler meg til å lesa boka og oppfølgjaren som er under arbeid. For dette gav meirsmak!





# Fire me sjødn

Roald Drønen



## Marit Tislavoll:

1. Eg må ha fram julekrubba, og så må eg pynta med ein del englar. Juleevangeliet må lesast, og på menyen står det sjølvsagt pinnekjøtt.
2. I år vert det feiring saman med to av

sønene som har med seg familien heim. Me vert ein fin flokk på 13 personar i alt.

3. Eg har fleire favorittar. Må eg velja, blir det «Mitt hjerte alltid vanker» Den fortel om julefreden som eg får kjenna inni meg. Det er så godt i ei verd der det er full fart heile tida.
4. Ja, so absolutt. Det er alfa og omega for meg. Bodskapan om Jesus er aktuell i jula og kvar dag elles i året.



## Serina Sørffonn:

1. Eg er jo sånn som skiftar litt ofte på julepynt og anna, og er ikkje så veldig tradisjonsbunden. Men julestjerna er på huset, og julemenn må vera i hus. Noko anna enn pinnekjøtt er

jo heller ikkje aktuelt på julekvelden.

2. Eg skal vera med min eigen familie; mann og to vaksne barn. Julaften kjem svigerforeldra på begge sider og ein bror til oss. Så me blir 9 til saman. Bodskapan om Jesus er aktuell i jula og kvar dag elles i året.
3. Me syng så mange fine julesongar i barnehagen (Serina er styrar i Bakken barnehage). «En stjerne skinner i natt» er nok min favoritt. Den vert sunge på mange julekonsertar og den skapar julestemning for meg.
4. Ja, det vil eg jo seia. Dette er også sentralt i barnehagen vår, som me er med og formidlar til den oppveksande slekta.

Jula nærmar seg, og vi har stoppa nokre personar for å høyra kva tankar dei har til fylgjande spørsmål:

1. Kva juletradisjonar klarer du deg ikkje utan?
2. Kven skal du feira julekvelden saman med?
3. Kva er din favoritt julesong?
4. Er jula sin bokskap om Jesus fødsel framleis aktuell?



## Svein Olav Rimmereid:

1. Eg må jo ha pinnekjøtt. I tillegg skal eg henga opp julelys. Og dei heng der ein månad og vel so det.
2. På julekvelden kjem to søner med familien og feirar jul saman med kona og meg.

3. Eg syng ikkje julesongar, eg!
4. Ja, det er jo det. Eg tru jo på det, sjølv om eg har mine tvil, når eg seg kva som skjer i Ukraina og ikkje minst i Israel og landa rundt. Det ser ikkje ut som det nokon gong vert fred der nede.



## Arve Rydland:

1. Eg er einsleg, lever åleine, og har ingen «tunge» juletradisjonar, men eg har jo ei stjerne og pyntar i vindauga og stakar. I minst 10 år har det vore min jobb å ordna med pinnekjøtt. Det skal saltast og lagast etter

ei gamal oppskrift som eg har fått. I tillegg røykjer eg det.

2. Eg skal vera saman med mor mi på julekvelden.
3. «Vår Herre, han hvilte i krybben så trang» med tekst av Edin Holme (1865-1927) blir min favoritt. Eg høyrde den første gong framført av Fana mannskor på ei LP-plate. Ein flott melodi.
4. Ja, det trur eg nok. Men eg er ikkje sikker på om alle ser bodskapan i han. Det er ikkje det som kling mest i julefeiringa. Men det ligg nok på botn hos folk flest.





# Lysmesse

Me går inn i adventstida og tradisjonen tru er det lysmesse 1. søndag i advent. Det er mørkt i kyrkja og stemninga er god. Fullt band med forsongar spelar til inngangsprosesjonen. Konfirmantar kjem i kvite kapper og med lys inn i den mørke kyrkja.

## Randi Lønning Matre

Det var ei annleis stund på gudsteneste denne kvelden. Konfirmantane var med å prega heile lysmessa med tekstlesing, bønner, prosesjon og mykje lystenning. Deira tankar om lys og mørket, om fred og rettferd kom igjen i preika. Og dei har mange gode og kloke tankar rundt mange ting. Tusen takk for at de deler.

Også bønene som vart lesne, er skrivne av konfirmantane. Her er nokre av dei:

«Kjære Gud! Må du passa på og ver med familien min gjennom godt og vondt! Må kjærlighet og glede fylle heimen vår. Lat helse og harmoni følge oss kvar dag.

Kjære Gud, vær så snill og gjer at konfirmasjonstida mi blir ei fin tid med mange kjekke og fine opplevsalar og minner som eg kjem til å huske og sjå tilbake på resten av livet mitt. Amen.

Eg ber om fred på jord.»



Kyrkjebladet kjem ut 4-5 gonger i året og vert distribuert til alle husstandane i Fitjar. Bladet vert òg lagt ut på heimesida til Fitjar kyrkjelyd; <https://kyrkja.no/fitjar>.

Utgiftene til trykking og distribusjon av bladet vert dekkja av gåver og annonseinntekter. Alt anna arbeid med bladet vert gjort av frivillige i kyrkjelyden.

Gåver til kyrkja på meir enn kr 500 pr. år gjev rett til skattefritak.

Takk for at du er med på støtta arbeidet i Fitjar kyrkje.

**Du kan gje ei gåve til kyrkjebladet på:**

**Kontor: 3546.29.05805 eller på Vipps: # 809255**



Foto: Torbjørn Hovland

I lysmessa har me fokus på lyset. Jesus seier: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandra i mørket, men ha livsens lys!»

Konfirmantane sa mykje fint om gode ord og kva dei gjere med oss. Derfor vil me oppfordre til å bruke dei gode orda flittig i adventstida, og på den måten ver med å spre lys og glede i mørketida!

## Kyrkjelydstur



Tradisjonen tru vert det kyrkjelydstur til Helgatun i vår. Sett av **15. - 17. mars**; ta med deg born, besteforeldre, foreldre, kjæreste, vener eller naboen... og bli med!

Denne helga vert fylt av mykje kjekt sosialt samvær, god mat, og du kan sjølvstilt velje om du vil stå i bakken eller ta med deg langrennsski.

Det er inga øvre eller nedre aldersgrense, alle er hjarteleg velkomen!

Meir informasjon kjem på [kyrkja.no/fitjar](https://kyrkja.no/fitjar).

**III** GSE SANDVIK AS

55 60 18 20

VAREHUSET  
**RYDLAND**

Tlf: 53 49 73 07 / 53 49 73 09 www.rydland.as

**ELON** fagmøbler

**Duo**

No kan du bestille time på nett:  
[www.ledigtime.no](http://www.ledigtime.no)

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: ..... 9-16

Ons-tor: ..... 9-18

Laurdag: ..... 10-14

Tlf. 53 49 79 72

**FITJAR KRAFTLAG**

<http://www.fitjar-kraftlag.no> - 53 45 76 00

**LERØY**  
**SJØTROLL**

Lerøy Sjøtroll Kjærelva AS

Kjærelvvegen 55

5419 Fitjar

[www.leroyseafood.com](http://www.leroyseafood.com)

**Stord**  
**Begravelsesbyrå**

Tlf. 53 41 64 05

**PORT**  
**STEINGARD**

Port Steingard AS

Postboks 11, 5418 FITJAR

Telefon 916 67961

**NBK**  
norges bygdekvinneleg

Fitjar  
Bygdekvinneleg

**FINERO**  
REGNSKAP

[www.finero.no](http://www.finero.no) - [jantore.aarskog@finero.no](mailto:jantore.aarskog@finero.no)



**KRÅKO GJESTETUN**

Telefon:

53 22 26 20 / 414 28 038

E-post:

[post@krakogjestetun.no](mailto:post@krakogjestetun.no)



OPNINGSTIDER:

Mån, tirs, fre: ..... 9-16

Ons, tors: ..... 9-18

Laur (kun drop-in): 10-13

Treff oss 1. etg

i Larsen bygget

For timebestilling ring:

**53 49 78 90**

*Fiks frisyren  
hos oss!*



**GRØNAVIKJO UTVIKLING AS**

Vestbøstad - 5419 Fitjar

90 12 02 81

**Vesthaugane**

[www.vesthaugane.no](http://www.vesthaugane.no)

Telefon: 91 82 41 58



**Engesund**

**Fiskeoppdrett**

Visningsenter

Mobilnr: 951 89950



**Bakken**  
Fitjar Soknerådsbarnehage

**Kontaktinfo:**

Serina Sørfohn

902 27 978

Ledig annonseplass



**Interflora**

Galleri Flora

Tlf: 53 49 95 00

[www.interflora.no](http://www.interflora.no)

Blomster - Gaver - Gravsteiner

**it** **TVEIT**  
*Faglig tyngde og  
godt humør*



BERRE GOE!



**FITJAR MEKANISKE VERKSTED AS**

post@fmvas.no - 53 45 72 00  
www.fmvas.no



**FITJAR**  
SMABAT AS



Årskog, 5419 Fitjar - 944 30 500 - <http://www.fitjarbaat.no>

**SPAR**



**VB**  
VARMER & BAD

**Hatlevik Rør AS**

Tlf: 53 49 93 15



**KVERNENES  
BÅTBYGGERI**

Kalveid 27, 5419 Fitjar  
Tlf: 940 39 639 - [baatbygg@kvernenesbaat.no](mailto:baatbygg@kvernenesbaat.no)



**FOTTERAPEUT**

med diabetes forjupning

*Liv Heidi Kolbeinsvik*

Ring meg på 970 47 907

Klinikk i 3. et. i Larsenbygget - Fitjarsjøen 18



**Videoen  
Kiosk**



**Engevik &  
Tislevoll a.s**  
**MESTERHUS**

Telefon:  
53 45 73 00  
E-post:  
[post@engevik-tislevoll.no](mailto:post@engevik-tislevoll.no)

**VERDIG GRAVFERD**

Vakttelefon: 91 80 00 40



AUT. ELEKTROENTREPRENØR - 5419 FITJAR.  
TLF. 53 49 71 00 - MOB. 40 40 41 45

**REMA 1000**

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50

**CARFIX**

**Carfix Fitjar**

Tlf: 53 49 71 21

**progreen**  
AQUA PRODUCTS

Havnavegen 90, Fitjar  
[www.progreen.as](http://www.progreen.as)

SparebankenVest

**VI ER FAMILIEBANKEN**

*Vi følger deg hele livet*



Sal av kraftfor, gjerde-  
matriell og spon

**NESEGUTANE AS**

Tlf. 992 23 972 - Sandvikvågv. 700



**DANIEL TISLAVOLL**

[post@oyabygg.no](mailto:post@oyabygg.no)

456 67 418

Ledig annonseplass



## Slækters gang

### Døyppte:

**12.11.**

Rose Hatlevik (Nysæter kyrkje)

**19.11.**

Sigmund Kambe Andersen  
Ingrid Tysdal Siglen

**26.11.**

Signe Bukkholm Svalestad

### Jordfeste:

Jorunn Agathe Helgaland  
f. 06.01.1952 d. 09.11.2023

Tom Arnold Wichmann  
f. 29.12.1954 d. 26.11.2023



Hør  
Line Feness  
Armond på  
Spotify

## Vår Herre han hvilte i krybben så trang

Vår Herre han hvilte i krybben så trang,  
skjønt himmeriks kår var hans eie.  
Og hyrdene knelte, og englene sang,  
og vismenn omringet hans leie.  
Det ville vår Herre oss unne.

Og ennå han kommer til fattig og rik,  
Det svakeste sukk han fornemmer.  
Han hører i kjærlighet ravnens skrik,  
og ingen av sine han glemmer.  
Det ville vår Herre oss unne.

Vår Frelser han tok våre synder på seg,  
utsletter så mildelig brøden.  
Han fører oss alle på himmelens vei,  
og løser vår sjel ifra døden.  
Det ville vår Herre oss unne.

Og derfor så synger vi alle hans pris  
og holder vår høytid med glede.  
Engang skal vi samles i Guds paradys  
og fram for hans trone få trede.  
Det ville vår Herre oss unne.

Tekst: Edin Holme



Hør  
Fossnes-  
koret på  
YouTube



## Gudstenester

Dato	Kl.slett	Kyrkjeår/merknad	Prest	Takkoffer formål
10.12.	11:00	2. søndag i adventstida	Sven Harald Nilsen	Kirkens SOS
17.12.	11:00	3. søndag i adventstida	Olav J. Oma	Frelsesarmeen Stord
24.12.	14:30/16:00	Julaftan	Olav J. Oma	Kirkens Nødhjelp
25.12.	12:00	Juledag	Olav J. Oma	Misjonsprosjektet, Mali
26.12.	19:00	2. Juledag/ ungd.gudst.	Olav J. Oma	
31.12.	23:00	Nyårsaftan	Olav J. Oma	
01.01.	12:00	Nyårsdag	Olav J. Oma	Sjømannskirken
07.01.	11:00	Kristi openberringsdag	Olav J. Oma	Sunnhordlandsaksjonen NMS
14.01.	11:00	2. søndag i openberringstida	Sven Harald Nilsen	Det norske bibelselskap
21.01.	11:00	Familiegudsteneste	Olav J. Oma	Björgvin si vennskapskyrkje Cuba
28.01.	11:00	Såmannssøndag	Olav J. Oma	Stefanusalliansen
04.02.	11:00	Kristi forklåringsdag	Sven Harald Nilsen	Misjonsprosjektet, Mali
11.02.	11:00	Fastelavnssøndag	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet
18.02.	11:00	Familiegudst./Tårnagent	Olav J. Oma	Kyrkjelydsarbeidet